



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/4149 - 17/26293

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.09.2017

## Mellombels bruksløyve seksmannsbustad (seksjon 5, 6, 7, 8, 9 og 10) - gbnr 137/188 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 425/17**

**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.07.2016 og 22.08.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Avfallsplan med kvittering for deponert avfall då ein avventar ferdigstillinga av resterande tiltak innanfor reguleringsplanen.
2. Ferdigstilling av infrastruktur der det per dato berre er gitt mellombels bruksløyve.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2017.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.08.2017, supplert 13.09.2017.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for seksmannsbustad på gbnr 137/188, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



Det er gitt mellombels bruksløyve for infrastruktur der tidspunkt for ferdigstilling er sett til 31.12.2017. Det vert ikkje gitt ferdigattest for bustadane innanfor området før opparbeiding av infrastruktur er ferdigstilt med ferdigattest etter pbl.

#### Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	seksmannsbustad
Bygningsnummer:	300 632 438
Bruksareal:	552 m2
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	6

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for seksmannsbustad (seksjon 5, 6, 7, 8, 9 og 10) gbnr 137/188 på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2017.**

#### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4149

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN